

Søknadsskjema Kunstnarstipend

Stipenda er individuelle. Stipendmottakar kan ha prosjekt saman med andre. Dersom de er fleire som søker til same prosjekt, må alle leggje inn ein individuell søknad.

Om deg:

Namn:

Folkeregistrert adresse:

Har du budd på denne adressa dei siste tre åra?

Ja	<input type="checkbox"/>
Nei	<input type="checkbox"/>

Hvis nei på spørsmålet, kor lenge har du budd i Møre og Romsdal?

E-postadresse:

Telefon:

Høgare utdanning:

Fra dato (mm.år)	Til dato (mm.år)	Utdanningsinstitusjon	Studienavn	Nivå/grad	Studie- poeng

Kunstfagleg realkompetanse:

Dersom du ikkje har den formelle utdanninga må du dokumentere tilsvarende kunstfagleg realkompetanse. Gjer kort greie for den her. Du må i tillegg leggje ved CV som viser dette.

--

Kunstnergruppe:

Visuell kunst (Billedkunstnere, kunsthåndverkere, fotografer)	
Musikk (musikere, sangere, dirigenter, komponister)	
Film	
Litteratur (skjønnlitterære forfattere, faglitterære forfattere, skjønnlitterære/faglitterære oversettere)	
Scenekunst (Dans, teater, skuespillere)	

Kva for stipend søker du? Du kan søkje på begge.

Arbeidsstipend 200 000 kroner (kun visuelle kunstnere)	
Stipend* (prosjektstipend)	


Søknadssum (for dei som søker prosjektstipend):

Introduksjon til søknaden:

Her skriv du ei kort oppsummering om kva du vil bruke stipendet til (ca 100 ord).


Om kunstnerskapet:


Her skal du kort gjere greie for kunstnarskapet ditt fram til no. Du kan til dømes omtale overordna målsettinger, motivasjon og påvirking av arbeidet ditt, viktige prosjekt osv. (ca 300 ord).



Kunstnarlege planar:

Her skal du gjere greie for dine kunstnarlege målsettingar og planar, gjerne konkrete kunstnarlege prosjekt (ca 500 ord). Søkjer du prosjektstipend må du leggje ved budsjett.





Rapportering

Alle stipendmottakarar skal rapportere på motteke stipend. Rapporten skal innehalde:

- Kort omtale av korleis stipendet har bidrege til vidareutvikling og fordjuping i eige kunstnarskap, i høve til søknadsteksten som låg til grunn for tildelinga. Dersom det er endringar skal dette kommenterast.
- Kort oppsummering av kunstnarleg aktivitet; prosjekt, tiltak, faglege reiser og liknande som er gjennomført. Nemn gjerne titlar på prosjekt, namn på samarebeidsorganisasjonar/personar, stader som har vore besøkt med meir.
- Dersom formidling har vore ein del av prosjekt, utdjup dette.
- Ved tildeling av prosjektstipend skal rekneskap leggast ved sluttrapporten.

Om vedlegg:

Vedlegg til søknaden kan vere opplasta filer eller nettlenkjer.

Reglar for vedlegg:

- CV er obligatorisk for alle som søker stipend og skal lastast opp som pdf. Den skal innehalde:
 - Relevant kunstnerisk utdanning og kurs
 - Kunstnerisk virksomhet og produksjon – både gjennomførte og planlagte prosjekter
 - Anna relevant informasjon relatert til kunstnarlege virksomhet, som tidligare mottatte stipend og prisar, arbeidserfaring osv.
- Vedlegga må vere representative for kunstnerskapet og i hovudsak dokumentere nyare arbeid. Fleire kunstverk kan ikkje dokumenterast i ei og same fil. Av hensyn til komiteene som skal vurdere, for å styrke prinsippet om lik behandling, må volum på vedlegg vere avgrensa.
- Vedlegg til søknaden kan lastast opp eller leggast inn som nettlenkjer. Tekstfiler skal vere lagt ved som PDF. Bilete som jpg-, png-, eller pdf-filer. Video som mp4- eller ogg-filer. Lyd som mp3-filer.
- Fysiske vedlegg skal ikkje sendast inn.
- Nettlenker skal vise direkte til det aktuelle materialet. Dersom påloggingsinformasjon er påkrevd, må brukarnamn og passord vere oppgitt i teksfeltet til kvart enkelt vedlegg. Materialet må vere tilgjengeleg i minst 6 månader etter søknadsfrist.
- Vedlegg som dokumenterer ditt kunstnarlege virke kan vere av avgjerande betydning for vurdering av søknaden.

Biletkunstnarar/kunsthandverkarar:

I tillegg til CV, kan ein leggje ved inntil 7 vedlegg i prioritert rekkefølge til dokumentasjon av kunstnarleg verke. Kvar pdf- fil kan innehalde fleire bilete av same verk, men ikkje overstige 2 sider. Fleire verk kan ikkje dokumenterast i ei og same fil. Opplysningar om type medium, materiale, format, tittel og produksjonsår kan skrivast direkte i pdf-filen. Det er også mogleg å oppsummere slik informasjon for samtlege vedlegg i ei eiga tekstfil (pdf). Anbefalt storleik på tekst- og biletefiler er 2 MB per fil og ikkje midre enn 72 dpi. Samla lengde på video- og lydfiler skal ikkje overstige 10 minuttar.

Filmkunstnarar:

I tillegg til CV kan det vere 5 vedlegg til dokumentasjon av kunstnarleg virke. Vedlegg skal registrerast i prioritert rekkefølge, primært som nettlenkevedlegg, fortrinnsvis Vimeo (ev. youtube). Passord til dei enkelte nettlenkene må vere gyldig i heile perioden søknaden er til behandling. Søkarens navn, funksjon, tittel på film, sjanger, spilletid og innspillingsår, eventuelt synopsis/tagline føres opp i tekstfeltet for kvart enkelt vedlegg i skjemaet. Det må lenkeast til heile verk, ikkje utdrag av filmar. Pdf-filer skal innehalde maksimum 5 sider.

Forfattarar:

Oversikt over utgjeve arbeid skal førast opp i CV. **Vedlegg utover CV er ikkje ønskeleg.** Det skal ikkje legges ved bøker og andre utgjevingar i søknaden. Oversettarar kan legge ved ei samla oversikt over titlar i eiga pdf-fil.

Musikarar, sangarar, komponistar og dirigentarr:

I tillegg til CV kan det legges ved inntil 7 vedlegg i prioritert rekkefølge til dokumentasjon av kunstnarleg virke. Lydvedlegga skal vere mp3-filer. Komponistar og tekstforfattarar kan legge ved partitur, tekstar o.l., helst som pdf. Samla lengde på lydfilene skal vere maksimum 20 minutt.

Scenekunst (dansarar, skodespelarar):

I tillegg til CV kan det legges ved inntil 7 vedlegg i prioritert rekkefølge til dokumentasjon av kunstnarleg virke. Nettlenker er ønskelige.